



Notat

Dato: 28.02.2018
Arkivsak: 2018/7390-2
Saksbehandlar: ronskaa

Til:	Utval for kultur, idrett og regional utvikling, Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Tal i høve til kulturmidlar i Hordaland. Svar på spørsmål frå Aud Karin Oen, SV

Aud Karin Oen, SV, hadde slik bestilling til fylkesrådmannen i fylkesutvalet 1. februar 2018:

«Tal i høve til kulturmidlar i Hordaland.
Eg ønskjer tal på kr. pr. hovud pr. fylke slik det vart synt til i framlegget frå ekspertutvalet i presentasjonen i dag.»

Fylkesrådmannen 28. februar 2018:

I presentasjonen av framlegget til Ekspertutvalet for regionreforma, synte leiar, Terje P. Hagen, til statistikk som gjeld fylkesvis fordeling av midlar frå Norsk kulturfond 2012 - 2016:

Fylke	Tildelingssum	Fylket sin del av tilskot	Tilskot per innbyggjar (kroner)
Aust-Agder	3 454 600	0,6	30
Buskerud	10 441 960	1,9	37
Finnmark	10 202 948	1,9	134
Hedmark	3 802 300	0,7	19
Hordaland	63 513 273	11,8	122
Møre og Romsdal	5 035 800	0,9	19
Nordland	21 550 100	4	89
Nord-Trøndelag	4 795 200	0,9	35
Oppland	8 624 500	1,6	46
Oslo og Akershus	293 439 559	54,3	231
Rogaland	20 611 400	3,8	44
Sogn og Fjordane	4 347 300	0,8	39
Svalbard*	216 667	0	101

Sør-Trøndelag	38 057 460	7	120
Telemark	9 629 480	1,8	56
Troms	17 149 593	3,2	104
Vest-Agder	8 890 471	1,6	48
Vestfold	9 194 300	1,7	37
Østfold	7 416 580	1,4	25
<i>Sum/gjennomsnitt</i>	<i>540 373 491</i>	<i>100</i>	<i>103</i>

Fylkesrådmannen vil presisera at dette ikkje er overføringar til fylkeskommunane, men oversikt over korleis tilskot frå Norsk kulturfond fordelar seg fylkesvis.

Når det gjeld bruk av statlege midlar til kultur, utgjer Norsk kulturfond berre ein del av biletet. Som lekk i arbeidet med Regional plan for kultur og idrett, gjorde Hordaland fylkeskommune i 2013 ei undersøking av statlege overføringar til kultur og idrett i Hordaland. Det synte seg, av ulike grunnar, å vera sær sars vanskeleg å skaffa ei fullstendig oversikt på feltet.

Det vart og henta inn ein regional rapport frå Telemarksforskning sin kulturindeks. Denne gir eit interessant bilete av feltet, utanom idrett. Fylkesrådmannen vil streka under at datagrunnlaget er frå 2011. Telemarksforskning har ikkje oppdatert oversynet med tal frå seinare år. Oversynet gjev likevel eit bilete og ein tendens når det gjeld fylkesvis fordeling, som i all hovudsak framleis er gjeldande.

I tabellen er teke med overføringar fylkesvis frå Kulturdepartementet (Statsbudsjettet), Norsk kulturfond, Riksantikvaren og andre departement.

Fylke	Statbudsjettet		Norsk kulturfond		Riksantikvaren		FD og OED		SUM	
	Totalt	Pr. innb.	Totalt	Pr. innb.	Totalt	Pr. innb.	Totalt	Pr. innb.	Totalt	Pr. innb.
Oslo	1 461 620	2 387,0	113 856	185,9	5933	9,7	47950	78,3	1 629 359	2 661,0
Sør-Trøndelag	240 681	808,8	17 790	59,8	6679	22,4	24280	81,6	289 430	972,6
Troms	114 301	722,8	9 075	57,4	4566	28,9	21000	132,8	148 942	941,8
Hordaland	345 049	704,5	36 224	74,0	23665	48,3	22600	46,1	427 538	872,9
Vest-Agder	107 130	615,0	6 475	37,2	4346	25,0	0	0,0	117 951	677,2
Oppland	93 710	501,1	5 501	29,4	13931	74,5	0	0,0	113 142	605,0
Sogn og Fjordane	50 285	465,1	3 158	29,2	8608	79,6	0	0,0	62 051	573,9
Nordland	94 492	397,3	11 653	49,0	9605	40,4	2410	10,1	118 160	496,8
Nord-Trøndelag	45 485	341,7	3 069	23,1	13087	98,3	0	0,0	61 641	463,1
Hedmark	68 836	357,2	4 366	22,7	12738	66,1	1000	5,2	86 940	451,1
Rogaland	160 643	363,2	13 450	30,4	3792	8,6	0	0,0	177 885	402,2
Møre og Romsdal	84 355	329,0	2 273	8,9	8612	33,6	0	0,0	95 240	371,5
Telemark	45 256	266,3	4 994	29,4	7993	47,0	4000	23,5	62 243	366,3
Finnmark	15 797	214,4	4 930	66,9	4964	67,4	0	0,0	25 691	348,6
Vestfold	45 250	191,6	4 483	19,0	3112	13,2	24260	102,7	77 105	326,6
Østfold	61 586	221,5	8 242	29,6	3331	12,0	2000	7,2	75 159	270,3
Buskerud	44 270	167,2	6 408	24,2	3575	13,5	0	0,0	54 253	204,9
Aust-Agder	12 629	113,4	3 516	31,6	3779	33,9	0	0,0	19 924	178,9
Akershus	29 364	52,9	11 445	20,6	11409	20,6	2400	4,3	54 618	98,4


Samla finn vi at Hordaland mottok kr 345 millionar over statsbudsjettet, 36,2 millionar frå Norsk kulturfond, 23,5 millionar frå Riksantikvaren og 22,6 millionar frå andre departement.

Hordaland plasserer seg på 4. plass over fylke som får tilskot over statsbudsjettet (pr. innbyggjar), 2. plass over fylke som får tilskot av Norsk Kulturfond, 6. plass over fylker som får tilskot frå Riksantikvaren og 5. plass over fylke som får tilskot frå andre departement.

Totalt fordeles til Hordaland 427,5 statlige, stadbundne millionar til kultur, eller 873 kroner pr. innbyggjar. Dette er ein 4. plass blant fylka.

Landsgjennomsnittet for statlege tildelingar pr. innbyggjar er 627 kroner over kulturbudsjettet, 54 kroner frå Kulturfondet, 31 kroner frå Riksantikvaren og 30,5 kroner frå andre departement. Samla gir dette eit landsgjennomsnitt på 728 kroner pr. innbyggjar.

Tabellen under gjev eit oversyn over statlege tildelingar pr. innbyggjar i høve til landsgjennomsnittet (100%).



Tabellen under gjev eit oversyn over korleis statlege overføringar fordeler seg innan Hordaland. Data er henta inn frå ulike kjelde og refererer seg til åra 2011, 2012 og 2013. Denne tabellen omfattar og tilskot til idrettsføremål.

Støtteordning	Hordaland	Bergen	Resten av Hord.	Bergen, % av Hord.	År	Kjelder
Kulturdepartementets budsjettkategori 08.20	410 497 000	373 027 000	37 470 000	90,9 %	2013	Georg Arnestad (HiSF)
Statens kunstnerstipend	18 298 400	15 303 400	2 995 000	83,6 %	2011	Telemarksforskning
Frifond	1 693 221	1 163 596	529 625	68,7 %	2011	Telemarksforskning
Riksantikvaren	11 130 571	6 745 571	4 235 000	60,6 %	2011	Telemarksforskning
Kulturrådet og Kulturdepartementet	159 331 000	152 341 000	6 990 000	95,6 %	2011	Telemarksforskning
Komp. av mva. for frivillige lag/foreningar	39 110 003	27 131 365	11 978 638	69,4 %	2012	Lotteri- og stiftelsestilsynet
Grasrottel til kultur eksklusiv idrett	8 212 173	4 193 450	4 018 723	51,1 %	2012	Norsk Tipping
Grasrottel til idrett	23 929 617	12 837 805	11 091 812	53,6 %	2012	Norsk Tipping
L&M-midler	15 775 968	7 791 105	7 984 863	49,4 %	2012	Noregs Idrettsforbund
Komp. av mva ved bygging av idrettsanlegg	6 807 488	3 005 496	3 801 992	44,1 %	2013	Lotteri- og stiftelsestilsynet